

## Referat

### Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

**Møte:** 5 - 2018  
**Dato/tid:** Fredag 7.september kl. 12.15 - 14.30  
**Stad** Møterom Regionrådet  
**Til stades** Helga Ellingsen(Masfjorden), Ingebjørg Søreide(Gulen), Leni Dale(Lindås), Helge Kvam(Meland), Olav Mongstad(Austrheim), Heinz Diehl(Fedje), Nina Kvamme(Osterøy), Ove Sæbø(Modalen), Grete Herøy(Radøy), Anne Hildegunn Færøy(NUI)

Saksnr.	Saker
26/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b> <b>Vedtak:</b> Godkjent utan merknader
27/18	<b>Godkjenning av referat frå Møte 4-2018, 8.juni</b> <b>Vedtak:</b> Godkjent utan merknader
28/18	<b>Lærings- og meistringstilbod</b> Gruppa hadde i forkant av møtet fått tilsendt rapport som skildrar prosjektet og estimert ressursbehov ved etablering av fast tilbod. <b>Drøfting:</b> Det vart stilt spørsmål ved ei generell mangel på evaluering av tilbodet og tiltaka som er knytt til dette. Mangel på forskning og resultat som synleggjer kva effekt tilbodet har gjer det utfordrande for kommunane å vere sikker på at dette er den rette måten å organisere eit slikt tilbod på. Det er særleg dei mindre kommunane som er usikker på kva meirverdi eit slikt tilbod har for deira innbyggjarar.  Leni Dale viste til at Lindås har tatt etablering av nye tiltak innan friskliv, - læring- og meistring i Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2017 - 2027. Tiltaket er såleis forankra i planverket. Kommunane må vurdere om dei skal delta i eit interkommunalt samarbeid om etablering av fast tilbod om  Gruppa presiserte at prosjektgruppa har gjort eit godt arbeid og at kommunalsjefgruppa er positiv til å få tiltaket inn i faste rammer, men at kvar kommune må handsama sak om dei skal gå inn i eit fast, forpliktande samarbeid om eit felles lærings- og meistringstilbod i Nordhordland.  Gruppa ber om at det i rapporten vert tatt med statistikk som viser kor mange som har nytta tilbodet og kva kommunar dei kjem frå. Det må også inn meir konkrete tal når det gjeld budsjett og årlege kostnader.  Vidare drøfta gruppa modell for fordeling av kostnader. I saksdokumentet er det lagt til grunn ein fordelingsnøkkel som er brukt ved legevakta; 1/3 fast og 2/3 etter folketal. Gruppa landa på at ein held fast på denne fordelingsnøkkel fram til anna modell er utgreidd og vedtatt.  <b>Vedtak:</b> Kommunalsjefgruppa ber prosjektleiar gjere endringar i prosjektrapporten slik gruppa har bedt om. Vidare ber gruppa prosjektleiar utarbeida felles saksgrunnlag for etablering av fast tilbod om friskliv- og meistringstilbod i kommunane.

29/18	<p><b>Krisesentertenesta i kommunane</b>  Kommunane har fått melding frå Fylkesmannen om tilsyn på denne tenesta. Sidan dette er ei teneste som kommunane kjøper hos Bergen kommune er det behov for meir informasjon om tilbodet og bruken av det.  Gruppa ønskjer å invitere Bergen kommune til møte med kommunalsjefgruppa for å orientere om krisesentertilbodet, organisering og drift.</p> <p><b>Konklusjon:</b>  Helga Ellingsen sender melding til Bergen Kommune v/ Benedicte Løseth og inviterer dei til møte med kommunalsjefgruppa.</p>
30/18	<p><b>Møteplan 2018</b>  - vurdere dato for fellesmøte med kommuneoverlegane  <b>Saka vart ikkje tatt.</b></p>
31/18	<p><b>HDS - Utviklingsplan 2018-2035 på høyring</b>  Kjerstin Fyllingen, adm.dir og Petter Thornam, fagdirektør ved HDS orienterte om Nye Haraldsplass og sjukehuset sin Utviklingsplan 2018 - 2035. Planen er sendt på høyring til kommunane med høyringsfrist 10.september. Presentasjon vist i møte er lagt ved referat.</p> <p><b>Innspel frå gruppa:</b>  Det er viktig og bra at vi har eit sjukehus med geriatri som eit av sine innsatsområde, og at det i planen er fokus ei heilskapleg tilnærming i pasientbehandlninga.</p> <p>Det er utfordrande at fastlegar har fått auka arbeidsmengde. Fastlegane melder at pasientar i for stor grad vert utskriven med meldingar om at fastlegen må ivareta oppgåver som tidlegare var lagt under spesialisthelsetenesta. Det er også meldt om utfordringar i samarbeidet mellom sjukehuset og pleie og omsorgstenesta, og at kommunalt tilsette ikkje alltid opplever å bli møtt som likeverdige partar.</p> <p>Det vart stilt spørsmål ved om det er mulig å få til gjensidig hospitering for alt helsepersonell. Det var semje om at dette er noko ein må arbeida vidare med. Det er også ønske om å etablera ein felles møtearena for sjukepleiarar og leiarar for helse og omsorgstenesta i kommunane og på HDS.</p> <p>Direktør og fagdirektør ønskjer å invitere seg ut til alle kommunestyra i regionen. Det vert avtala at kvar av kommunalsjefane sender invitasjon med aktuelle tidspunkt for kommunestyremøte i sin kommune til HDS v/Linda Rykkel; <a href="mailto:linda.rykkel@haraldsplass.no">linda.rykkel@haraldsplass.no</a> med kopi til Kjerstin Fyllingen; <a href="mailto:Kjerstin.Fyllingen@haraldsplass.no">Kjerstin.Fyllingen@haraldsplass.no</a> og Petter Thornam; <a href="mailto:petter.lave.thornam@haraldsplass.no">petter.lave.thornam@haraldsplass.no</a></p> <p>Lindås kommune har sendt innspel til planen, og det vart meldt at fleire av kommunane vil komme med skriftlege innspel innan fristen.</p>
33/18	<p><b>Saker som skal til SU 19.september</b>  - orientering/drøfting/innspel til saker  Saka ikkje tatt.</p>
34/18	<p><b>Meldingssaker / eventuelt</b>  Ingen saker meldt</p>